

Lensmannen med ei sterk oppmoding.

17.11.2020



Lensmannen i Kvinnherad, Sigurd Børve, med sterk appell om å etterleva smittevernreglane.

Politet ved lensmannen i Kvinnherad, Sigurd Børve, kjem med ei sterk oppmoding til alle om å halda seg til gjeldande smittevern og regelverk. Oppmidinga gjeld særleg for dei som er pålagd isolasjon og karantene, der ein anten er smitta eller har vore i nærbane med nokon som er stadfesta med smitte. Lensmannen skriv vidare i si pressemelding:

Då smittetilfella i den siste utviklinga er ved Kvinnherad vdg., er det viktig til å appellera til ungdomane sitt ansvar ! Både til å gjennomføra dei smitteforebyggande tiltaka som gjeld dagleg, men også å respektera kva ein må forholda seg til ved pålagd isolasjon eller karantene. Når det gjeld definisjonane kva dette inneber, viser vi til utsendt informasjon frå skuleleiinga, frå kommunen og sentralt frå FHI og Helsedirektoratet.

Når dette er nemnt så synes vi, i hovedsak, at dei fleste ungdomar er ansvarsfulle og viser engasjement ift situasjonen, bl.a jfr uttale frå russe i lokalmedia !

Kvinnherad kommune har ikkje eigne lokale Chovid-forskrifter, slik at vi som innbyggjarar må halda oss til dei sentrale forskriftene. Det inneber at dersom nokon bryt pålagt isolasjon eller karantene, kan ein bli straffa med bøter på kr 20.000,-.

Det er ikkje viktig for politiet å fokusera på straff, men oppmidinga om å ta eit felles ansvar og brukar sunn fornuft for å beskytta dei som er mest sårbare ift konsekvensen av å bli smitta av Chovid19.

Sigurd Børve
Lensmann i Kvinnherad

Tekst: Pressemelding

Foto: Grenda

Nett: Kristian Bringedal